

Grunnvatn i Bokn kommune

NGU Rapport 92.099

MERK

at kommunane er skilde i A- og B-kommunar. Dette er gjort av fylkeskommunen etter oppmoding frå Miljøverndepartementet for å konsentrera innsatsen om dei kommunane som har størst behov etter målsetjinga til GiN. I A-kommunane er det gjort feltarbeid, mens det ikkje er gjort feltarbeid i B-kommunane. Der er vurderingane basert på eksisterande materiale og kunnskapar om forholda utan at ny kunnskap er innhenta. Innhaldet i rapporten vil difor i regelen bera preg av om den omhandlar ein A-kommune eller ein B-kommune.

Rapport nr. 92.099		ISSN 0800-3416	Gradering: Åpen	
Tittel: Grunnvatn i Bokn kommune				
Forfatter: Jomar Ragnhildstveit Oddmund Soldal		Oppdragsgiver: Miljøverndepartementet NGU		
Fylke: Rogaland		Kommune: Bokn		
Kartbladnavn (M= 1:250.000) Haugesund		Kartbladnr. og -navn (M= 1:50.000) 1113 II Skudeneshavn, 1213 III Rennesøy		
Forekomstens navn og koordinater:		Sidetall: 5	Pris: 25,-	
Feltarbeid utført:		Rapportdato: 23.03.92	Prosjektnr.: 63.2521.22	Ansvarlig: GAUTE STORVEP
Sammendrag:				
<p>Bokn kommune er ein B-kommune i GiN-prosjektet. Det vil sei at vurderingane i hovudsak er basert på gjennomgang av tilgjengeleg bakgrunnsmateriale.</p> <p>Rapporten inneheld ei generell vurdering av grunnvassforholda i kommunen. Kommunen har ikkje prioritert områder der forholda for grunnvassforsyning vart ynskt vurdert.</p> <p>På vestre Bokn er det gode forhold for grunnvassforsyning frå fjell til mindre vassverk. På austre Bokn er det for det meste dårlege forhold for uttak av grunnvatn til vassforsyning.</p>				
Emneord:	Hydrogeologi	Grunnvann		
Grunnvannsforsyning	Forurensning	Løsmasse		
Berggrunn	Database	Fagrapport		

Innholdsliste

Side

Rapportane i GiN-programmet (2. omslagsside)

Innholdsliste 2

1 GENERELT OM GRUNNVASSFORHOLDA I KOMMUNEN 3

2 FORUREININGSKJELDER 3

3 TIDLEGARE UNDERSØKINGAR
Referansar 4

Bruk NGU-INFO i arbeid med grunnvatn (3. omslagsside)

1 Generelt om grunnvassforholda i Bokn kommune

LAUSMASSAR

Det er ingen lausmasseførekomstar som eignar seg til større grunnvassuttak i kommunen.

FJELL

I Bokn kommune vil grunnvatn frå borebrønner i fjell vera mest aktuelt på Vestre Bokn. Der er det grunnfjellsbergartar, for det meste kvarts-feltspatrike gneisar som ved boring stort sett vil gje 0,1-0,3 l/s pr. borhol. I den nord-austlege delen av øya er det mest granittisk gneis og ytinga i dei granittiske partia kan vera 0,3-0,8 l/s pr. borhol. Ved Arsvågen derimot er det eit område med kambrosilurisk glimmerskifer som ved boring vil gje lite vatn (truleg mindre enn 0,1 l/s pr. borhol).

På austre Bokn er det grunnfjellsgneis i den vestlegaste delen av øya, vest for den nye hovudvegen. Dette gneispartiet består av ein meir einsarta sone med kvartsdiorittisk gneis lengst vest, der boring truleg vil gje 0,1-0,3 l/s pr. borhol. I ein smal sone aust for denne er det lysare meir lagdelt gneis tildels med granittisk samansetjing som ved boring truleg vil gje noko meir vatn (0,2-0,6 l/s pr. borhol). Denne gneissona grensar til relativt tett glimmerskifer i aust som ved boring stort sett vil gje mindre enn 0,1 l/s pr. borhol. Glimmerskiferen ligg oppå gneisen og skrår omtrent 20° nedover mot søraust. Ved boring i det vestlege gneisområdet vil storparten av vatnet koma frå jorbruksarealet der, noko som kan føra til forureiningsproblem. Det vert ellers vist til tidlegare NGU-rapport (referanse bak i heftet).

På Ogn er forholda omtrent som på Austre Bokn. Det er gneis i den nordvestlegaste delen av øya, elles berre glimmerskifer.

2 Forureiningskjelder

Ved boring nær sjøen kan det oppstå problem med inntrengning av saltvatn til borebrønner.

3 Tidlegare undersøkingar

Nedanfor er det vist ei liste over tidlegare undersøkingar i kommunen. Lista er basert på tilgjengelege data. Det kan imidlertid finnast meir data som i denne omgang ikkje er registrert.

REFERANSAR

Birkeland, T., Müller, G., Wurm, F. (1974): Rennesøy. Foreløpig berggrunnskart 1213 III, M = 1:50.000. *NGU*.

Jæger, Ø. (1991): Grus og pukkregisteret i Haugesund, Karmøy, Tysvær, Utsira og Vindafjord kommuner, Rogaland. *NGU Rapport 90.076*.

Huseby, S. (1978): Rapport etter oversiktsbefaring vedrørende grunnvannsmuligheter for spredt bebyggelse i Bokn kommune. *NGU Rapport O-78.156*.

Misund, A., Folkestad, B., Ellefsen, V., Korsmo, A-R., Torsnes, O. (1990): Kartlegging av spesialavfall i deponier og forurenset grunn i Rogaland. *NGU Rapport 89.148*.

NGU: Hydrogeologisk arkiv - borebrønner i fjell.

Pedersen, R.B., et.al. (under arbeid): Skudeneshavn. Foreløpig berggrunnskart 1113 II, M = 1:50.000. *NGU*.